


## Prosjektark innspel nr. 312:

<b>Prosjekt:</b>	<b>G/s-veg på parsell av E39 Sandvikvåg – Engevik</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	E39		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auke tryggleiken på strekning der det manglar gs-veg tilbod mellom Sandvikvåg og Engevik. Det manglar også gatelys på strekninga som er ca. 2850 meter. Det finns ei reguleringsplan for området med planID: 201301. I den ligg det også inne planfri-kryssing i Levåg.		
Verknad av tiltaket:	Auka tryggleik for mjuke trafikantar som ferdast langs E39. Strekninga har fartsgrense 80 km/t og ÅDT på 3400 (2019).		
Kostnad:	75 mill.		
Prioritet:	Langsiktig tiltak		

## Oversiktskart:




**Tiltak:** Undersøkje om det er mogeleg å byggja etter reguleringsplanen, eller om denne må oppdaterast? Det har komen nye vegklassar sidan reguleringsplanen vart godkjend. I reguleringsplanen frå 2014 vart det konkludert med at dagens vegstandard ikkje held mål i høve til dagens trafikkmengd (som då var 3000).

Usikkert korleis det vert med denne strekninga i høve til arbeidet med ferjefri E39.

## Prosjektark innspel nr. 221-222-223-224:

<b>Prosjekt:</b>	<b>4 kurver frå sør for skule (traktorveg) til nord for skule (avkjørsle hytter Jordhåen); Fv 5068</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5068		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken og sikt for både skuleborn og andre harde og mjuke trafikantar. Utbetring av sikt i 4 kurver		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte kjørt fortare. Tiltaket vil auke siktilhøva på kritiske punkt.		
Kostnad:	1: 600.000,- 2: 450.000,- 3: 250.000,- 4: 150.000,-  Totalt kostnadsomfang: ca. 1.450.000,-		
Prioritet:			

## Oversiktskart:



**Tiltak pos.1:** Sprenging for sikt. Fartsgrense 60 km/t. Areal ca. 220 m<sup>2</sup>. 8 høgdekoter (snitt 6?)



**Foto av eksisterende situasjon:**



**Tiltak pos.2:** Sprengning for sikt. Fartsgrense 40 km/t. Areal ca. 210 m<sup>2</sup>. 3 høydekoter (snitt 1,5?)



**Foto av eksisterende situasjon:**



**Tiltak pos.3:** Sprengning for sikt. Fartsgrense 40 km/t. Areal ca. 70 m2. 4 høgdekoter (snitt 2,5?)



**Foto av eksisterende situasjon:**





**Tiltak pos.4:** Sprenging for sikt. Fartsgrense 60 km/t. Areal ca. 40 m<sup>2</sup>. 4 høgdekoter (snitt 2,5?)



Foto av eksisterande situation:



### Prosjektark innspel nr. 302-303-305:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Utbetring parkering og av-/påstiging ved Selevik skule</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5068		
Prosjektomtale:	Utbetring av parkeringsområde, sjå på mogelegheit for å etablera av- og påstigning, samt utbetra siktsoner ved Selevik skule. Ein bør og vurdere å etablera fartshumpar før og etter avkøyrsløse til skulen.		
Verknad av tiltaket:	Tryggare situasjon for av- og påstigning når elevar køyrast til skulen (mindre sving og rygging på eit lite areal). Viss ein rettar opp avkøyrsløse slik at ein kjem meir vinkelrett på vegen, vil ein få betre sikt ved utkøyring frå parkeringsplassen. Fartshumpar før og etter avkøyrsløse til skulen vil gje auka tryggleik gjennom dempa fart for bilar som kjem forbi skulen.		
Kostnad:	Det er sett av kr 500.000,- til utbetring av parkeringsområde og siktforholda. Kostnad for to fartshumpar: kr 50.000,-		
Prioritet:			

### Oversiktskart:





### Foto over eksisterende situasjon:



### Tiltak:

Det bør utarbeidast skisser for optimalisering av parkeringsområde, der ein ser på moglegheit for å lage ei løysing for av- og påstiging for elevar som vert køyrd til skulen.

Fartshumpar utformast etter handbok V128 Fartsdempende tiltak. Fartsgrensa er 40 km/t. Det er tilrådd sirkelhump, fordi det er liten andel tungtrafikk og busstrafikk på strekninga.


Fartsgrense	Radius	Høyde	Lengde
30 km/t	20 m	0,10 m	4,0 m
40 km/t	53 m	0,10 m	6,5 m
50 km/t	113 m	0,10 m	9,5 m

Figur 4.2 Utforming av sirkelhump

## Prosjektark innspel frå Kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>G/s-veg på parsell av Fv 5068 Trulsastraumen – Selevik skule</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5068		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken for både skuleborn og andre mjuke trafikantar. Det er gatelys på strekninga som ligg i Fitjar kommune. Strekninga er ca. 2350 meter. Strekninga heilt frå krysset mot fv 545 er 4400 meter.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 60 km/t på store delar av strekninga, bortsett frå ei kort strekning forbi Selevik skule der det er 40-sone. Tiltaket vil gje trygg skuleveg for borna som går og sykklar til skulen, i tillegg til å gje eit meir attraktivt tilbod for mjuke trafikantar som ferdast på Dåfjordvegen.		
Kostnad:	60 mill.		
Prioritet:	Langsiktig tiltak		

## Oversiktskart:



### Prosjektark innspel nr. 105:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Punktutbetring Fv 5070 Vestbøstad</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka sikt og auka skulder i innersving. Hindra nedfall av steinblokker. Det må sprengjast bort berg langsmed Fv 5070.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte køyrt fortare. Her er nyleg montert opp gatelys. Berg heilt ut i vegbanen gjer at det ikkje er skulder å «forsvinne» på når køyretøy køyrer innersving. Vegen er smal på staden. ÅDT 1500 (2019)		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: kr 30.000,-		
Prioritet:			


### Oversiktskart:



**Foto eksisterende situasjon:**




**Tiltak:**



## Prosjektark innspel nr. 18, 98, 122:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Sikring fotgjengerovergang Kalveidkrysset; Fv 5070</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070 x Kv 1205		
Prosjektomtale:	TS-tiltak: etablering av fotgjengerovergang og tiltak for å redusere fart		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte køyrd fortare. Krysset er uoversiktleig. Fotgjengarar/ syklistar frå Kalveid/Vestbøstad kryssar over Fv 5070 for å koma på g/s-vegen som går på aust/sør-sida av vegen. Fotgjengerovergang vil ikkje tryggja situasjonen aleine, men kombinert med fartsregulerande tiltak vil det ha effekt.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 130.000,-kr		
Prioritet:			


## Oversiktskart:



### Foto eksisterende situasjon:



### Tiltak:



## Prosjektark innspel nr. 316:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Fv 5070 Tilbod til mjuke trafikantar på bru over Synningjo</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5070 S1D1 M5515-5580 (ca)		
Prosjektomtale:	<p>Brua over Synningjo er svært smal, og det er ikkje mogeleg for bilar å passera kvarandre på det smalaste. Dette er difor eit ekstra vanskeleg punkt for mjuke trafikantar i møte med andre køyretøy.</p> <p>På grunn av dei høge støypekantane på begge sider over eit strekke på 120 meter er det nærmast umogleg å passera bilar og mjuke trafikantar samstundes. Både born og vaksne opplever skremmande situasjonar der ein må «klistra» seg opp mot rekkverket ved passering av bilar. Når det kjem større køyretøy som lastebilar eller bussar må anten køyretøya stansa opp eller dei mjuke trafikantane må skunda seg over eller gå tilbake.</p>		
Verknad av tiltaket:	<p>ÅDT er 720 (2019) med 8% lange køyretøy</p> <p>Fartsgrense: 60 km/t</p> <p>Ei utbetring av brua (som i dag består av 3 bruelementar) vil gje eit tryggare tilbod til dei mjuke trafikantane enn det dei har i dag. Ein må søkje å finna ei løysing som gjer det mogeleg å separere dei mjuke og harde trafikantane.</p> <p>Ein tilrår kommunen å gjera eit forprosjekt (grunnundersøkingar, tilstandsvurdering av eksisterande bruelementar og evt. miljøundersøkingar). Ut i frå kva ein finn her er det mogeleg å skissert ei utbetringsløysing for brua og kostnader for denne.</p>		
Kostnad:	<p>Anslag for eit slikt forprosjekt er om lag <b>150 timar</b>. Totalkostnad vil avhenge av timeprisen konsulenten har med kommunen.</p> <p>Prisoverslag for bruløysing vil følgje av forprosjekt og val av materiale.</p>		
Prioritet:			

## Oversiktskart:



Foto av eksisterande situasjon:






### Prosjektark innspel nr. 42-89:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Punktutbetring Fv 5070 Heiabrekko</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken for både skuleborn og andre harde og mjuke trafikantar. Punktutbetring på toppen av Heiabrekko ved betring av sikttilhøve. Sikthinder må fjernast på begge sider av vegen. Ved revisjon av ts-planen er det komen innspel om at også svingen i botnen av Heiabrekko er uoversiktleg. Det er behov for utviding av eksisterande veg gjennom svingen.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte køyrd fortare. Tiltaket vil auka tryggleiken for skulevegen, og gi betre sikttilhøve for alle trafikantar på kritisk punkt.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 300.000,-		
Prioritet:	Langsiktig tiltak: utbetring av vegen og etablering av g/s-veg.		


### Oversiktskart:



**Foto eksisterende situasjon ved toppen av Heiabrekko:**



**Tiltak:**




## Foto eksisterende situasjon i botnen av Heiabrekko:




## Tiltak:

Det er skissert gs-veg frå Rydland til Vastølen som eit langsiktig tiltak. Ein bør vurdere moglegheit for å utvida køyreveggen gjennom svingen som på arealet som er vist som gs-veg i skissa under, som eit kortsiktig tiltak.



**Prosjektark innspel nr. 43, 44, 87, 88:**

<b>Prosjekt:</b>	<b>G/s-veg på parsell av Fv 5070 Øvrebygda skule - Rydland</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5070		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken for både skuleborn og andre harde og mjuke trafikantar. Det må etablerast g/s-veg langs heile strekninga (ca. 1400 meter). Då bør også vegen utvidast noko på dei smalaste stadene. Ved utbetring bør vegen bør ha standardklasse L1, utbetringsprofil. Det er bygd gs-veg frå Øvrebygda bedehus til skulen.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 og 40 km/t på staden, men det vert ofte køyrt fortare. Det er etablert fartsdempande tiltak (fartshumpar) ved Øvrebygda skule. Det er gatelys langs heile strekninga. Vegen er smal (3-4,5m) og manglar skulder og møteplassar. Tiltaket vil gi trygg skuleveg, og sikker tilkomst mellom tre viktige målpunkt: bedehuset, Øvrebygda skule og «Filialen»/ nærbutikken.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 5,5 mill. kr (liksoom vist på skisse)		
Prioritet:	Langsiktig tiltak		

**Oversiktskart:**


**Foto eksisterende situasjon ved toppen av Heiabrekko:**




**Tiltak:**

Det må utarbeidast reguleringsplan for etablering av g/s-veg (Vastølen - Rydland).


**Teikning 1**




Teikning 2



Teikning 3




Teikning 4



## Prosjektark innspel nr. 54:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Punktutbetring Fv 5070 Breiavikjo sør</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070 (S1D1 M5639)		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka sikt. Bergnabb i innersving må fjernast for å auka sikttilhøva på smal veg rundt sving.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 60 km/t på staden, men det vert ofte køyrd fortare. Her er ikkje gatelys. Vegen er smal (3-3,5m) og manglar skulder og møteplassar. Tiltaket vil auka sikttilhøva.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 100.000,-kr		
Prioritet:			

## Oversiktskart:





**Foto eksisterende situasjon :**



**Tiltak:**



### Prosjektark innspel nr. 97:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Fartshump Fv 5070 aust for Slottshaugen (S1D1 M8122)</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å redusera fart: fartshump (modifisert sirkelhump)		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte køyrd fortare. Over Slottshaugen, når ein kjem frå Fitjar sentrum, er sikten dårleg over bakketopp og inn i krapp sving. Ei utforkøyering vil kunna få alvorlege konsekvensar grunna bratt terreng ned mot bebygde bustadtomter.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 60.000,-kr		
Prioritet:			


### Oversiktskart:



**Foto eksisterende situasjon:**



**Tiltak:**



## Prosjektark innspel frå Kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Fjellrensk; Vestbøstad og Tislavoll, Fv 5070</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5070		
Prosjektomtale:	Fjerning av lause steinar og vegetasjon.		
Verknad av tiltaket:	Hindre nedfall av stein og rotspreng som kan føre til nedfall.		
Kostnad:	200.000,-		
Prioritet:			

## Oversiktskart:



Foto av eksisterende situasjon: Fv 5070 S1D1 M7850-7900. Areal fjellvegg ca. 350 m<sup>2</sup>.



Google



Fjellrensk Tislevoll

Dato: 01.06.2021

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N




Foto av eksisterande situasjon: Fv 5070 S1D1 M730-790. Areal fjellvegg ca. 300 m<sup>2</sup>.



## Prosjektark innspel frå Kommunen:

Prosjekt:	G/s-veg på parsell av Fv 5070 Øvrebygda bedehus – Breiavikjo		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5070		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken for både skuleborn og andre mjuke trafikantar. Det manglar gatelys på strekninga Helland – Breiavikjo og det bør etablerast g/s-veg langs heile strekninga (ca. 4400 meter). Strekninga frå Øvrebygda bedehus til Helland er ca. 2000 meter og bør prioriterast først sidan dette er skuleveg.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 og 60 km/t på staden. Tiltaket vil gje trygg skuleveg for borna som går og sykklar frå Helland til Øvrebygda skule, i tillegg til å gje eit meir attraktivt tilbod for mjuke trafikantar som ferdast mellom bygdene Vestbøstad, Helland og Øvrebygda.		
Kostnad:	110 mill.		
Prioritet:	Langsiktig tiltak		

## Oversiktskart:



### Prosjektark innspel nr. 96 og 111:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Sikring kryss Kv1203 x Fv5070 Hegraneset (E&amp;T)</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070 x Kv 1203		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å leie til rett åtfærd: skilting og oppmåling av kryss med vikeplikt.		
Verknad av tiltaket:	Fv 5070 er ikkje forkøyrsvæg på staden. Krysset mot Hegraneset er uoversiktleg når ein kjem frå Fitjar sentrum og har vikeplikt. Tiltaket vil påkalla merksemd og reduksjon av fart.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: kr 9.000,-		
Prioritet:			

### Oversiktskart:






Foto eksisterende  
situasjon:




Tiltak:



## Prosjektark innspel frå Kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Kryss til Kråko; Fv 5070 x Kv 1273</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 5070 x Kv 1273		
Prosjektomtale:	<p>Dagens kryssløysing er ikkje god. Det er mellom anna svært dårlege sikt- og stigningsforhold i kryssområdet. Siktforholda er dårlege både sørover og nordover. Større køyretøy som skal svinga sørover langs fylkesvegen har vanskar med å klare svingen, og nyttar dermed heile vegbreidda. Dette fører lett til farlege situasjonar på ein veg som er så lite oversikteleg. Det har òg vore fleire ulukker i og ved krysset.</p> <p>Både utvidinga ved settefiskanlegget, drift av campingplassen og den vidare utbygginga på Kråko tilseier at trafikken i krysset vil auke i tida framover. Dette vil gjelde både tungtransport, personbiltrafikk og mjuke trafikantar. Ein ønskjer difor å etablere ei ny kryssløysing, som vil vesentleg betra trafiktryggleiken vesentleg i området (Reguleringsplan med planID: 201404).</p>		
Verknad av tiltaket:	<p>Tiltaket er i reguleringsplanen å flytta vegen og krysset i austleg retning, som vist i plankartet (utklipp under). Dette er vurdert til å vere den beste løysinga, både når det gjeld vegtekniske vurderingar og kor stor mengd dyrka mark som vil bli beslaglagt. Fjellknausen med barskog, måtte ha blitt fjerna uansett kva for alternativ som vart valt. Den føreslegne løysinga gir vesentleg betre sikt- og stigningstilhøve enn dagens kryssløysing, og vil føra til at trafiktryggleiken vert markant betra i området.</p>		
Kostnad:	5 mill.		
Prioritet:			

## Oversiktskart:



**Tiltak:** Utbetre kryss i høve til reguleringsplan



**Foto frå eksisterande situasjon:**






### Prosjektark innspel nr. 112:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Sikring kryss Fv 5070 x Kv 1295 x Pv 1296</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5070 x Kv 1295 x Pb 1296		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å leia til rett åtferd: skilting av kryss med vikeplikt. Etablering av siktzone mellom Pv 1296 og g/s-vegen.		
Verknad av tiltaket:	Fv 5070 er ikkje forkøyrsvog på staden. Krysset er uoversiktleg når ein kjem mot Fitjar sentrum og har vikeplikt. Tiltaket vil påkalla merksemd og reduksjon av fart. Det må etablerast naudsynte siktilhøve mellom Pv 1296 og g/s-vegen.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (fylkeskommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: kr 750.000,-		
Prioritet:			


### Oversiktskart:



### Foto eksisterende situasjon:



### Tiltak:



## Prosjektark innspel nr. 28:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Punktutbetring Fv 5072 Skumsnes</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehold:
Vegnr. :	Fv 5072 (S1D10 M158)		
Prosjektomtale:	Utbetring autovern.		
Verknad av tiltaket:	Gammelt autovern/støypekant er så lav/øydelaagd at den ikkje lengre har funksjon som føreset. Det må etablerast nytt autovern for sikring av skrent. Vurdering av utrasing/setningar i veggrunn.		
Vedtak:	Fylkeskommunen/ SVV		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 490.000,-kr		
Prioritet:			

## Oversiktskart:





Foto eksisterande situasjon:





**Tiltak:**





**Foto av eksisterende situasjon:**




**Tiltak:** Ca. 60 meter med mur (2m-0,5m høg?) og kjøresterkt rekkverk på austsida, og lage fyllingskråning av jord (som sås til med gras) på vestsida (ca. 140 m<sup>2</sup>, helling 1:4, ca. 60m<sup>3</sup>?)

## Prosjektark innspel nr. 304-306:

Prosjekt:	G/s-veg på parsell av Fv 545 Tveitatræ – Rydland (kryss Fv5070)		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 545		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken for både skuleborn og andre mjuke trafikantar. Det manglar gatelys og det bør etablerast g/s-veg langs heile strekninga (ca. 3100 meter). Usikkert kor stor del av strekninga som tilhøyrar Stord vestside-prosjekt som det er pågåande planarbeid for no.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 60 og 80 km/t på staden. Vegen er omkøyringsveg når E39 er stengd. Tiltaket vil gje trygg skuleveg for borna som går og sykklar til Øvrebygda skule og bind saman bygdene Rimbareid og Øvrebygda.		
Kostnad:	80 mill.		
Prioritet:	Langsiktig tiltak		

## Oversiktskart:



## Prosjektark innspel frå Kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Fortau forbi ny brannstasjon; Fv 545</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 545		
Prosjektomtale:	Kommunen har sikra areal mellom busslomme i vest og avkøyrsløse til brannstasjon. Ventar på gjennomføringsavtale med VLFK som har sett av kr 500.000,- til formålet. Fortau vidare austover mellom avkøyrsløse brannstasjon og mot privat veg er tatt med i reguleringsplan, men dette arealet er privat og må løysast ut før utbygging.		
Verknad av tiltaket:	Tryggje ferdsel for mjuke trafikantar i Fitjar sentrum og vidareføre standard som er brukt i miljøgata.		
Kostnad:	500.000,- kroner		
Prioritet:			

## Oversiktskart:




## Tiltak:

Langs brannstasjon skal me ha alle typer av kantstein som utsnittet viser unntatt type fem som brukes på busslommer.


Nedsenka (Type 2) og overgang-kantstein (Type 3) skal brukast i innkøyrsla.

### TYPE 1




Avvisende vanlig kantstein,  
naturstein m/fas 2cm  
M 1:5

### TYPE 2




Avvisende nedsenka kantstein,  
naturstein m/fas 2cm  
M 1:5

### TYPE 5




Kesselstein, naturstein  
Busslomme,  
M 1:5


### TYPE 3




Kantstein, naturstein  
Overgang mellom  
180mm og 130mm,  
M 1:5



### TYPE 4



Kantstein, naturstein  
Overgang mellom  
130mm og 20mm,  
M 1:5



Her er utsnitt fra snitt tegning fra Fitjar sentrum (dette er område langs Håkonarparken):





Foto frå eksisterande situasjon etter oppgradering av Fitjar sentrum:



### Prosjektark innspel frå kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>G/s-veg på parsell av Fv 545 Landa - Årskog</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Fv 545		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken for både skuleborn og andre mjuke trafikantar. Det manglar gatelys og det bør etablerast g/s-veg langs heile strekninga (ca. 2000 meter).		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 60 og 80 km/t på staden. Vegen er omkøyingsveg når E39 er stengd. Tiltaket vil gje trygg skuleveg for borna som går og sykklar til Rimbareid skule og bind saman bygdene Landa og Rimbareid.		
Kostnad:	50 mill.		
Prioritet:	Langsiktig tiltak		

### Oversiktskart:






## Prosjektark innspel nr. 314:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Kv 1227 Fitjargardsvegen, redusert fartsgrense</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Kv 1227		
Prosjektomtale:	Fitjargardsvegen er ein veg som er brukt av mange skuleborn til dagleg (også frå Søre Stølen). Vegen er smal og har fartsgrense 50 km/t. Det manglar belysning på delar av strekninga.		
Verknad av tiltaket:	Ein reduksjon av fart vil gje mindre risiko for alvorleg skade ved kollisjon mellom harde og mjuke trafikantar. Belysning på strekninga der dette manglar vil også auka trafiktryggleiken, særleg når det er mørkt.		
Vedtak:	<b>For bestemt vegstrekning eller sone kan det treffast vedtak om lågare fartsgrense enn det som følgjer av vegtrafikkloven § 6 andre ledd. Slikt vedtak kan treffast for riksveg, fylkesveg og privat veg av Statens vegvesen og for kommunal veg av kommunen.</b> Dersom ei sone også omfattar annan veg enn kommunal veg, vert vedtaket treft av Statens vegvesen.		
Kostnad:	60.000,- Kommunen betaler for skilt på kommunal veg.		
Prioritet:			

## Oversiktskart:



**Tiltak:** Tiltak er vurdert ut frå NA-Rundskriv 05/17 «Kriterier for fartsgrenser i byer og tettsteder»:

Anbefalte fartsgrenser på hovedveger er vist i tabellen nedenfor (se kommentarer, pkt. 8.1 til 8.3).

Områdetype (tetthet)	Bebyggelse (arealbruk) (8.1)	Aktivitet (spesielt gående og syklende) (8.2)	Separering (8.3)	Anbefalt fartsgrense km/t
<b>Veger</b> (Hovedsakelig områder med middels tett bebyggelse)	Boliger/sentrumsområder	Stor	God Dårlig	40/50 30/40
		Middels	God Dårlig	50 40
		Liten	God Dårlig	60 40/50
	Industri- og næringsområder	Stor	God Dårlig	50 40
		Middels	God Dårlig	60 50
		Liten	God Dårlig	60 50/60
<b>Gater</b> (Hovedsakelig områder med tett bebyggelse)	Boliger/sentrumsområder	Stor	God Dårlig	40/50 30
		Middels	God Dårlig	50 30/40
		Liten	God Dårlig	50 40/50
	Industri- og næringsområder	Stor	God Dårlig	50 40
		Middels	God Dårlig	50 50
		Liten	God Dårlig	50 50

*Anbefalte fartsgrenser på hovedveger i byer og tettsteder*


Det trengs ca. 8 skiltplatar med skiltstolpar med fundament.




## Prosjektark innspel nr. 308:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Kv 1231 Snuhammar Steinabrekko, Fitjarstølane</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Kv 1231		
Prosjektomtale:	Manglande snuhammar i enden av vegen i Steinabrekko. Dette medfører utfordringar med varertransport til eigedomane øvst i Steinabrekko, der store lastebilar må rygga heilt ned til kryss mot Liarvegen for å snu. Ved brøyting snur brøytebil i privat avkjørsle, eller ryggar ned til krysset. Det er regulert snuhammar i reguleringsplan med planID: 201203. Snuplass skiltast med parkering forbode (skilt 372) og underskilt 808.351 «Gjeld snuplass».		
Verknad av tiltaket:	Auka trafikktryggleik når snuing gjerast i snuhammar i staden for rygging ned til kryss for å snu.		
Kostnad:	307.000,-		
Prioritet:			

## Oversiktskart:




**Tiltak:** Etablere snuhammar for lastebil (L) i samsvar med handbok N100 (2019):



**Figur D.50:** Vendehammer for lastebil (L) (mål i m)

**Foto av eksisterende situasjon:**




Innsendar skriv at det er enkelt/flatt terreng der snuhammaren er vist plassert i reguleringsplanen.

## Prosjektark innspel frå Kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Behov for ledegjerde på mur; Kv 1243</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehald:
Vegnr. :	Kv 1243		
Prosjektomtale:	Låg mur som utgjør fare for å velte over, særleg for gåande og syklende		
Verknad av tiltaket:	Hindrar at mjuke trafikantar fell over muren og skadar seg.		
Kostnad:	150.000,- kr (estimert av kommunen)		
Prioritet:			

## Oversiktskart:



**Tiltak:** Montering av ledegjerde på mur (bøylerekkverk) ca. 55 meter

Foto av eksisterande situasjon:




Eksempel på rekkverksløysing:



## Prosjektark innspel frå Kommunen:

<b>Prosjekt:</b>	<b>G/S-veg til ny barnehage i Rossneset; Kv 1245</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	Kv 1245		
Prosjektomtale:	Gs-veg i samband med ny barnehage på Rossneset, frå eksisterande gangfelt ved busstopp og fram til avkøyrsløse til ny barnehage.		
Verknad av tiltaket:	Trygg atkomst til barnehagen frå busshaldeplass og samankopling av gs-veg frå barnehagen til eksisterande gs-vegssystem.		
Kostnad:	3.250.000,-		
Prioritet:			

## Oversiktskart:




**Tiltak:** Etablere ca. 130 meter med ny gs-veg med fysisk skilje frå køyrevegen (lik eksisterande løysing på andre sida av vegen). 1,5 meter brei rabatt og 3 meter brei gs-veg.






Foto frå eksisterande situasjon:



### Prosjektark innspel nr. 11-49:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Punktutbetring Kv 1258 fjerning av bergnabbe + oppsetjing av rekkverk</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehald:
Vegnr. :	Kv 1258 (S1D1 M2160)		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken og sikt for både skuleborn og andre harde og mjuke trafikantar. Fjerning av bergnabb. Oppsetjing av rekkverk.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte køyrd fortare. Tiltaket vil auke siktilhøva på kritisk punkt.		
Vedtak:	SVV og vegmynde (kommunen)		
Kostnad:	Tiltakskostnad: 250.000,- + 350.000,- kr		
Prioritet:			


### Oversiktskart:



**Foto eksisterende situasjon:**




**Tiltak:**



### Prosjektark innspel nr. 304:

<b>Prosjekt:</b>	<b>G/s-veg på parsell av Kv 1258 kryss Hellandsvegen –Lio; asfaltering og fysisk skilje</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehald:
Vegnr. :	Kv 1258		
Prosjektomtale:	Ferdigstilling av påbegynt gs-veg mot Koløya. Manglar asfaltering og skilje mot køyreveg (svelvikellipse) på ei strekning ca. 1 km I tillegg bør ein vurdere å etablera fartshump på oppsida av krysset mot Helland, og mogeleg også flytte 50-sona til etter krysset for å gjera kryssingspunktet ved Øvrebygda skule tryggare.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på strekninga. Tiltaket vil gje betre framkomst og tryggare forhold for mjuke trafikantar. Strekninga har fått belysning i førre periode.		
Kostnad:	1.500.000,-		
Prioritet:			

### Oversiktskart:



**Tiltak:** Asfaltera gs-vegen som pr. i dag berre er grusa. Støypa svelvikellipse som skilje mellom gs-veg og køyreveg (vidareføringa av tiltak ved Øvrebygda skule). Moglegvis etablera fartshump på oppsida av krysset samstundes som ein asfalterer gs-vegen.



## Prosjektark innspel nr. 48, 95:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Punktutbetring Kv 1258 Minkamyro</b>		
Type tiltak:	Utbetring: X	Nytt tiltak:	Vedlikehold:
Vegnr. :	Kv 1258 (S1D1 M1630-2061)		
Prosjektomtale:	TS-tiltak for å auka tryggleiken og sikt for både skuleborn og andre harde og mjuke trafikantar. Fjerning av sikthinder og etablering av vegskulder ved innersving.		
Verknad av tiltaket:	Det er fartsgrense 50 km/t på staden, men det vert ofte kjørt fortare. Tiltaket vil auke siktilhøva på kritiske punkt.		
Vedtak:	SVV og vegmynde kommunen		
Kostnad:	Tiltakskostnad: kr 1.200.000,-		
Prioritet:			



## Oversiktskart:



## Foto eksisterande situasjon:





**Tiltak:**






## Prosjektark gatelys;

<b>Prosjekt:</b>	<b>Gatelys</b>		
Type tiltak:	Utbetring:	Nytt tiltak: X	Vedlikehold:
Vegnr. :	alle		
Prosjektomtale:	Etablere gatelys langs viktige vegar nytta av skuleborn og i fritidssamanheng		
Verknad av tiltaket:	TS-tiltak: Veglys skal redusere ulukkesrisikoen i mørkret ved å gjere det lettare å oppfatte vegen, andre trafikantar og dei nære omgjevnadene av vegen.		
Vedtak:	Vedtak av vegmynde: Kommunen vedr. kommunale vegar; fylkeskommunen vedr. fylkeskommunale vegar.		
Kostnad:	Arealplan: Ikkje naudsynt Tiltakskostnad: om lag kr. 30.000,- pr punkt		
Prioritet:	Prioritet etter lista nedanfor		


## Strekningar etter prioritering: KOMMUNALE VEGAR (og private vegar)



Pri	Stad – bilete	Stad – skildring	Grunnlag for prioritering
		<p>Kv 1216 Tongane – Vik</p> <p>Strekning: ca. 1,6 km                      Trong for ca. 32 stk lyspunkt.                      Kostnad: 960.000 kr</p>	<p>Mykje nytta skuleveg.</p> <p>Smal veg (3m) utan skulder og få møteplassar.                      ÅDT ukjent (gjennomgangstrafikk frå sentrum vest til Fv 545)                      Fartsgrense 50 km/t.</p> <p>Kan bli nytta som omkjøringsveg ved vegarbeid på Fv 545 Hungersdalen.</p>
		<p>Pv 1217 Nesbø – Vikeleite.</p> <p>Strekning ca. 400m.                      Trong for 6 stk lyspunkt                      Kostnad: 180.000 kr</p>	<p>Mykje nytta skuleveg.</p> <p>ÅDT ukjent                      Fartsgrense 50 km/t.                      Smal og uoversiktleg veg (3m) utan skulder eller møteplassar anna enn avkøyrslar.</p>





	<p>Kv 1227 Fitjargardsvegen Strekning ca. Trong for ca. 15 Lyspunkt</p> <p>Kostnad: 450.000 kr</p>	<p>Mykje nytta skuleveg. ÅDT ukjent Fartsgrense 50 km/t Smal veg utan vegskulder. Møteplassar i avkøyrslar.</p>
	<p>Pv 1278 Tveit – Stokken Blå linje ca. 0,6 km Trong for ca. 12 lyspunkt</p> <p>Kostnad: 360.000 kr</p>	<p>Skuleveg for born som går til busstopp Stokken. Eittfelts veg som er smal og svingete. Berre to møteplassar.</p>
	<p>Snarveg frå Fitjarstølane til Rossneskrysset</p> <p>Blå linje ca. 50 m Trong for 2 lyspkt.</p> <p>Kostnad: 60.000 kr</p>	<p>Opplevast utrygg når det er mørkt.</p> <p>Mykje brukt snarveg for dei som går frå Fitjarstølane til busshaldeplassane ved Rossneskrysset.</p>

**Strekningar etter prioritering – FYLKESKOMMUNALE VEGAR**

Pri	Stad – bilete	Stad – skildring	Grunnlag for prioritering
		<p>Fv 545 Breivik – Landa</p> <p>Raud strekning utført.</p> <p>Blå linje ca. 1,6 km                      Trong for ca. 32 stk. lyspunkt</p> <p>Kostnad: 960.000 kr</p>	<p>ÅDT 1200 (2019)                      Fartsgrense 80 km/t.                      Tofelts veg;                      Ikkje g/s-veg.</p> <p>Borna på Landa og nordover får skuleskyss, men vegen vert mykje nytta av gåande og syklande på fritida. Vegen har fleire ulukkespunkt.</p>

	<p>Fv 545 Tveitatræ-Årbø</p> <p>Blå linje ca. 2,1 km Trong for ca. 42 stk lyspunkt</p> <p>Kostnad: 1.260.000 kr</p> <p>Ein bør først prioritera strekninga frå Tveitatræ til Tveita ca. 0,9 km 18 lyspunkt</p> <p>Kostnad: 540.000 kr</p>	<p>Skuleveg.</p> <p>Smal veg – (knappe 6m). ÅDT 1500 (2019) Fartsgrense 60 km/t i starten går over til 80 km/t frå Tveita over Dalshaugane fram til ny 60-sone på Årbø.</p> <p>Strekninga er del av planane for «Stord vestsida» som kjem i år.</p>
	<p>Fv 5070 Helland - Breidavikja</p> <p>Blå linje ca. 2,7 km Trong ca . 54 stk lyspunkt</p> <p>Kostnad: 1.62mill kr</p>	<p>Vegen som er smal fleire stader (3,5-6,2) er ein del av fylkesvegen som bind saman bygdene Vestbøstad og Helland mot Øvrebygda.</p> <p>ÅDT: 720 (2019) Fartsgrenser er 50 og 60 km/t</p> <p>Øvrebygda skule nyttar vegen når dei dreg på utfluktar til Breidavikja.</p>

	<p>Fv 5072 Spanstegen – Tufteland</p> <p>Blå linje ca. 1,5 km  Trong for ca. 28 stk lyspunkt</p> <p>Kostnad: 840.000 kr</p>	<p>Skuleveg for elevar som går til næraste busshaldeplass for skuleskyss og for elevar i vgs som går til busshaldeplass Spanstegen.</p> <p>ÅDT: 200 (2019)  Fartsgrense: 80 km/t</p> <p>Vegstrekinga er ikkje etter dagens standard og i svært dårleg stand. Den er svingete og uoversiktleig mange stader. Fleire stader der det er vanskeleg når bil og mjuke trafikantar møtast. Belysning eit godt og realistisk ts-tiltak og bør prioriterast høgt på lista.</p>
	<p>Fv 5072 Tufteland – Skumsnes</p> <p>Blå linje ca. 1 km  Trong for ca. 20 stk lyspunkt</p> <p>Kostnad: 600.000 kr</p>	<p>Skuleveg for elevar som går til næraste busshaldeplass for skuleskyss og for elevar i vgs som går til busshaldeplass Spanstegen.</p> <p>ÅDT: 70 (2019)  Fartsgrense: 80 km/t</p> <p>Vegstrekinga er ikkje etter dagens standard og i svært dårleg stand. Den er svingete og uoversiktleig mange stader. Fleire stader der det er vanskeleg når bil og mjuke trafikantar møtast. Belysning eit godt og realistisk ts-tiltak og bør prioriterast høgt på lista.</p>

	<p>Fv 5072 Tufteland – Tveit</p> <p>Blå linje ca. 1,2 km          Trong for ca. 20 stk lyspunkt</p> <p>Kostnad: 600.000 kr</p>	<p>Skuleveg for elevar som går til næraste busshaldeplass for skuleskyss og for elevar i vgs som går til busshaldeplass Spanstegen.</p> <p>ÅDT: 120 (2019)          Fartsgrense: 80 km/t</p> <p>Vegstrekninga er ikkje etter dagens standard og i svært dårleg stand. Den er svingete og uoversiktleig mange stader. Fleire stader der det er vanskeleg når bil og mjuke trafikantar møtast. Belysning eit godt og realistisk ts-tiltak og bør prioriterast høgt på lista.</p>
--	--	--